

## Informasjon til nærkontaktar

Oppdatert versjon av dette skrivet finn du her: [Koronaviruset \(aal.kommune.no\)](http://koronaviruset.aal.kommune.no)

Frå og med 27.09.21 er det nye nasjonale retninglinjer for testing, smittesporing og karantene – nedjustert TISK.

Dersom du får beskjed om at du er nærkontakt vil vidare tiltak vere avhengig av grad av nærkontakt, vaksinasjonsstatus og eventuelt andre faktorar som til dømes yrke.

Husstandsmedlemmer og tilsvarande nære (t.d. kjærast, bestevenn på overnattingsbesøk el.l.)

- *Testregime er anbefalt for uvaksinerte husstandsmedlemmer og tilsvarande nære, t.d. kjærast: dagleg eigentesting, eller PCR-test annakvar dag, i 7 dagar*
- Dersom ein ikkje gjennomfører dette testregimet er ein anbefalt karantene i 7 dagar
- *Delvaksinerte husstandsmedlemmer er anbefalt ein test som kan tas straks*

Øvrige nærkontaktar (t.d. kollegaer, klasse, treningsgruppe, deltakarar på arrangement el.l.)

- Øvrige nærkontaktar som er *uvaksinerte* blir anbefalt ein test som kan tas straks

**NB! Det er viktig at *alle* nærkontaktar har eigenobservasjon av symptom i 10 dagar og tar ny test ved utvikling av symptom**

- *Nærkontaktar med symptom skal i isolasjon inntil ev. negativ test*

Ekstra forholdsreglar for helsepersonell:

- *Uvaksinerte og delvaksinerte med smitte i husstanden blir anbefalt dagleg eigentesting, eller PCR-test annakvar dag, i 7 dagar. Alternativt karantene.*
- *Uvaksinerte og delvaksinerte som er øvrige nærkontaktar har samme anbefaling som resten av befolkninga*
- *Helsepersonell som er definert som nærkontaktar er anbefalt bruk av munnbind i 5 dagar etter siste eksponering når dei har nærkontakt med pasient/bebuar samt halde avstand til kollegaer. Dette gjeld uavhengig av vaksinasjonsstatus. I tillegg er det svært viktig med eigenobservasjon av symptom for alle!*

Du vil få beskjed om utdeling av hurtigtestar frå Smittesporingsgruppa.

Brucarveiledning til hurtigtestar: [SARS-CoV-2 Self Antigen Self Test Nasal - NEW \(roche.com\)](https://www.roche.com/na/en/healthcare/products/diagnostics/infectious-diseases/covid-19/self-test.html)

Ved positiv test ta kontakt med *Smittesporingskoordinator på tlf 4587 1447*.

Du finn meir informasjon om nedjustert TISK her:

[Nedjustert TISK \(gjelder fra 27. september 2021\) - Helsedirektoratet](#)

Meir om nærkontakt og isolering:

[Nærkontakter og isolering - FHI](#)

Dersom du har spørsmål om nærkontakt, karantene eller testing kan du også ta kontakt med *Smitteverngruppa i Ål på tlf 9911 7718 kvardagar mellom kl 12.30 og 15.00*

Toril Bøyum

Kommuneoverlege i Ål